

ØYKJASKOR

Ligg på eit platå på toppen av Kjerlandsskorane og er ein veldig solrik og lun plass.

Det einaste ein finn av skriftleg materiale etter dei som budde der, finn me i Th. S. Haukenæs Granvins saga 1915. Det som står her stemmer med det som har blitt sagt på folkemunne.

Truleg hadde familien, Sjur, kona og to søner, tidlegare budd på Kjerland, men då dei ikkje kom overeins med Kjerlandsfolket, flytta dei opp i Øykjaskor. Dette var på midten av 1800-talet. Alle soger seier at Sjur var smed og dei to tuftene kan tyde på det. Tufta etter bustadhuset med flor under, stod nede på flaten. Smidja stod heilt oppunder berget. Ein finn og rudningsrøyser og merke etter små åkerlapper. At gamle Nils Haugse fekk "4 tønner godt byggkorn" er ikkje urimeleg.

Plassen Øykjaskor vart i 1872 seld til Haugsnes gnr 106/3. I 2014 vart denne garden seld til David Inge Tveito og Anved Lillegraven, men det er bruk nr 104/2 Anved Lillegraven to som no eig Øykjaskor.

Les også «Segna om Øykjaskor» som ligg vedlagt.

God tur! Granvin Turlag

Kjelde: «*Stølane i Granvin*» av Torbjørn Seim